

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 15. februar 2016  
Møtestad: Rådhuset kl. 15.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Kjell Reidar Hoel

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå Norddal kommune møtte rådmann Tor Helge Stavdal.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn tema under eventuelt.

**SAK 01/16  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. OKTOBER 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 22. oktober 2015 blir godkjent.

**SAK 02/16  
OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSHJUL**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2016.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 03/16  
KONTROLLUTVALSBOKA – SPØRRERUNDE**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 04/16**  
**BREV FRÅ NORDDAL ELDRERÅD, RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA**  
**I NORDDAL KOMMUNE OG NFU-NORDDAL LOKALLAG**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2016.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil ikkje gå inn i denne saka.

**SAK 05/16**  
**TVIST MELLOM KOMMUNEN OG GRUNNEIGAR VEDKOMANDE DEPONERING AV**  
**MASSE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2016.

Rådmannen ga ei orientering og presiserte at det i denne saka hadde vore mangel på skriftlegheit og saksbehandling. Han opplyste av det blir halde synfaring på staden saman med grunneigar når våren.kjem.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om rapport etter synfaringa.

**SAK 06/16**  
**EVENTUELLE TEMA SOM BLIR Å TA OPP SEINARE**  
(Saka kom opp under eventuelt)

Oppfølging av politiske vedtak og praktisering av anbodsprinsippet vart nemnt.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir å vurdere nærare i neste møte.

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Kjell Reidar Hoel  
nestleiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
medlem  
(sign.)